

Program for Vestland SV 2020 - 2023

Innhald:

Det viktigaste for folk

Eit rettferdig opptakssystem

Grøn transport og samferdsle

Grøn omstilling, miljø, naturressursar og arbeid

Folkehelse og levekår

Kultur er limet i samfunnet

Det viktigaste for folk

Vestland SV går til val på desse prinsippa og verdiane som dei viktigaste for folk, samfunn og utvikling i det nye fylket:

- For dei mange - ikkje for dei få. SV vil ha små skilnader, ei rettferdig fordeling og meir demokrati. Bygg, uteområde, kommunikasjonsmiddel og kommunikasjonspunkt skal vere tilgjengelege for alle. Små skilnader gjev betre folkehelse, større verdiskaping og gode fellesskap.
- Menneske og miljø skal gå føre profitt. SV vil ha profittfri velferd.
- Fellesskapet skal ha kontroll over bruken av naturressursane. Det vil vere avgjerande for verdiskaping og ei god utvikling for alle. Velferd og naturressursar skal tene alle, ikkje gi fortieneste til nokre få.
- Busetting og levande lokalsamfunn i alle delane av det nye fylket.
- Sikre livsgrunnlaget for framtidens generasjonar gjennom økologisk og berekraftig ressursbruk. SV arbeider for nullutsleppsamfunnet og klimatilpassingar. SV arbeider for å slutt på all forureining og å sikre artsmangfald.
- SV er eit feministisk parti. Alle menneske skal ha like sjansar i samfunnet, uavhengig av kjønn, seksuell orientering eller kjønnsuttrykk/kjønnsidentitet
- Eit velordna og regulert arbeidsliv med kollektive avtalar, rett til heiltid og rett til eit trygt arbeidsmiljø.
- Global rettferd gjennom omfordeling av makt og ressursar
- Fred og avspenning. Inga supermaktsopprusting i våre nærområde.

Miljøkrav og tillitsreform

SV vil stille klare miljøkrav og krav om ordna arbeidstilhøve og tariffavtale ved kjøp av varer og tenester og ved anbud. All verksemd under Vestland fylke skal lage ei plan for nå relevante krav i FN sine 17 bærekraftsmål.

SV vil ha overgang frå snever mål- og resultatstyring til ei tillitsreform der medarbeidarane vert myndiggjorte til å arbeide sjølvstendig og saman med andre, for å utvikle tenestene og å nå måla.

Eit samansveisa og desentralisert fylke

SV var sterkt mot at Hordaland og Sogn og Fjordane vart slegne saman, men når det fyrst har skjedd, vil SV arbeide for eit sterkare fylke. Det må først ein politikk som motverkar sentralisering og maktkonsentrasjon. Fylka må få ansvaret for sjukehusa, og få fleire oppgåver og større ansvar på område som vidaregåande skule, samferdsle, distrikts- og regionalpolitikk, integreringspolitikk, miljøvern, arealforvaltning, landbruk og kultur.

SV vil bygge eit nytt, samansveisa fylke tufta på fellesskap og sterke fellesløyningar, der det er godt å bu for alle, uavhengig av bustad, sosial og kulturell bakgrunn.

SV meiner at ein fylkeskommune med større oppgåver og meir ansvar må sjå heilskapen og samordne på tvers av sektorane. Fylket kan få politikken til å henge saman på viktige område. Dette krev politisk styring i oppbygging av administrasjon. Det er svært viktig å hindre for mykje sektortenkning og spesialisering i den nye fylkeskommunen.

SV meiner at Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar og utviklar for miljø- og klimavenlege løysingar innan transport, energiforsyning, teknologi, industribygging og næringsliv.

Fylkeskommunale arbeidsplassar skal fordelast på ein slik måte at ein unngår ei utvikling med fråflytting og sentralisering.

SV vil arbeide for at folk kjenner tilknytning og engasjement for utviklinga i fylket.

Fylkeskommunen skal vere tett på kommunane og medverke til at dei vert gode utviklarar, både kvar for seg og saman. Fylkeskommunen må vere tett på og få ei samordnande rolle i planarbeid og utviklingsarbeid på dei ulike områda.

Fylkesprogrammet til Vestland SV bygger på prinsippprogrammet og arbeidsprogrammet til SV. Målet for arbeidet til Vestland SV er å få gjennomslag for SV-politikk på dei områda fylkeskommunen har ansvaret for. SV vil nytte handlingsrommet som sentral politikk gjev, for gjennom SV-politikk å finne dei beste løysingane for folk i det nye fylket.

Eit rettferdig opptakssystem

SV meiner utdanningspolitikken er ein svært viktig del av fylket sitt ansvar. Vidaregåande opplæring er porten inn til yrkesliv og vidare utdanning; til spesialisering på fagskular og høgare utdanning.

Gjennom betre tilrettelegging og tilpassing av opplæringa vil fleire kunne gjennomføre. Dette inneber bl.a. meir samhandling med næringsliv og bedrifter, og oppgradering av utstyr og læremidlar.

Det må leggjast til rette for at elevar med lærevanskar kan oppnå ulike typar kompetansebevis, og såleis bli arbeidstakarar innan ulike yrke.

Dei vidaregåande skulane må legge vekt på danning, legge til grunn eit kunnskapssyn som utviklar heile menneske tufta på eit breitt kompetanseomgrep. Elevane må gjerast trygge på seg sjølve og utvikle evne til læring, kunne kommunisere og samhandle gjennom deltaking, utforske og skape, slik at dei vert fagleg dyktige. Skulen må utvikle undervisning og arbeidsmåtar i tråd med prinsipp og verdiar for grunnopplæringa og dei nye fagplanane med tverrfaglege emne og djupnelæring.

Det er viktig med ein desentralisert skulestruktur slik at flest mogeleg kan bu heime medan dei tek vidaregåande utdanning.

Nærskuleprinsippet skal leggjast til grunn ved inntak i vidaregåande skular.

SV går mot at fleire private vidaregåande skular får etablere seg i fylket. Det er ei overetablering av slike tilbod i sentrale strøk, noko som tappar det offentlege skulesystemet for ressursar. Dette går i særleg grad ut over distriktsskular og yrkesfaglege studietilbod.

Fylket treng fleire fagarbeidarar med yrkesfagleg utdanning og fagbrev. Difor må lærlingeordninga styrkast gjennom ekstra tilskot, og skular må etablere forpliktande samarbeidsavtaler med nye lærebedrifter i alle deler av fylket. Fylkeskommunen må satse på god oppfølging av lærlingar, i tillegg til fleire lærlingeplassar.

Flyktningar og andre med minoritetsspråkleg bakgrunn må få tilrettelagt opplæring for best mogeleg språk- og samfunnsopplæring. Erfaring frå forsøk med å snu utdanningsløpet slik at ein får praksis og tilknytning til arbeidslivet i starten, og teoriopplæringa etter kvart, har vist seg å vere effektivt. Det gir betre integrering. Alle elevar i Vestland fylkeskommune sine vidaregåande skular skal ha rett til likeverdig utdanning uavhengig av status i det nye landet. Asylsøkjjarar med endeleg avslag må få rett til vidaregåande opplæring til dess dei må forlata landet.

Fagskular er viktige for å sikre god kompetanse for bedriftene i fylket. Fylkeskommunen må ta initiativ og ansvar, saman med næringslivet, for å etablere fleire fagskuletilbod med høg kvalitet.

Det nye fylket skal ha nynorsk som offisiell målform. I skuleverket må skriftmålet styrkast, blant anna gjennom læremiddel, programvare og haldningsskapande arbeid mellom lærarar. Lærarar og andre tilsette i fylkeskommunal verksemd må få tilbod om kurs i nynorsk ved behov.

SV vil :

- Sikre at vidaregåande skular skal vere offentleg eigde og ha økonomi til å gi god opplæring. SV går mot stykkprisfinansiering av dei vidaregåande skulane.
- Ingen nye private skular skal få starte opp i perioden, og SV vil jobbe for eit system der også private skuleplassar kan leggast ned ved overkapasitet.
- Fylkeskommunen må ta eit større ansvar for elevar som må flytte heimanfrå for å gå på vidaregåande skule. Til dømes kan ein etablere eit system med vertsfamiliar, og i samarbeid med «Saman»(studentsamskipnaden) gi internattilbod einskilte stader.
- Fylket skal lage ein plan for at FN sine bærekraftmål får god plass på læreplanen i alle vidaregåande skular.
- Elevane må sikrast god skulehelseteneste, og miljøarbeidarar må prioriterast i arbeidet for trivsel og eit godt skulemiljø.
- Fleire læreplassar i fylkeskommunal regi.
- Eksta tilskot til verksemder som etablerer fleire læreplassar og praksisperiodeplassar.
- Meir praksis i yrkesfaglege utdanningar.
- Elevar med behov for spesialundervisning må bli inkluderte i den ordinære opplæringa og få tilbod innan fleire utdanningsprogram.
- Gi tilbod om 4. og 5. skuleår når det er naudsynt for å oppnå individuelle læringsmål.
- Lage ein statusplan for alle undervisningstilbod i vidaregåande skule for elevar med særskilde behov.
- Satse på, og styrke studiekvaliteten til fagskuleutdanning gjennom fleire studieplassar, kvalitetshevande tiltak og styrka finansiering, i tett samarbeid med partane i arbeidslivet.
- Sikre god opplæring i nynorsk gjennom haldningsdannande arbeid, lærebøker og andre læremiddel/programvare.
- Tilby flyktningar og andre med minoritetsspråkleg bakgrunn, god opplæring forankra i praksis i bedrift og påfylgjande teoriopplæring; etter «Firdamodellen» (praktisert ved Firda vidaregåande skule, Sandane)
- Innføre ordning med gratis frukost ved alle vidaregåande skular.
- Ha betre samhandling mellom psykisk helsevern og vidaregåande opplæring, for å sikre at elevar i vidaregåande skule som er brukarar av psykisk helsevern i spesialisthelsetenesta, blir teke betre vare på og ikkje må velje mellom helse og utdanning.



- Som i all anna offentleg verksemd, treng vi ei tillitsreform i det vidaregåande skuleverket. Arbeidsgivaren skal legge meir vekt på og respektere den faglege integriteten til dei som underviser. Konkret betyr det meir tid til undervisning og mindre tid til administrasjon og møte. Det gir trygge lærarar, som er ein føresetnad for tryggare elevar og betre resultat i faga. SV vil også tilføre fleire ressursar til rådgivnings-tenesta i den vidaregåande skulen.

Grøn transport og samferdsle

Verda står ovanfor store og naudsynte omstillingar dei neste åra. Sidan klimaet er sjølve grunnlaget for eksistensen vår, er kostnaden ved å ikkje gjera noko uoverskodeleg og ikkje eit alternativ. Klimakrisa kan berre løysast kollektivt - lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Utslepp av klimagassar i Norge må reduserast med minst 50 prosent innan 2030, og SV sitt mål er at Noreg skal bli fritt for fossile utslepp innan 2040. Med dei nye ferjeamboda i Hordaland har ein kutta klimagassutsleppa frå ferjesambanda med 90%. Det viser at det er mogeleg å gjere viktige klimaval også lokalt.

Eit samfunn bygd på veksttvangen i kapitalismen er ikkje berekraftig. Det er nok ressursar på jorda til at alle kan leve eit fullverdig liv. SV vil kjempe for ei radikal omfordeling av ressursane i Noreg og i verda. Utan økonomisk omfordeling vil ein ikkje klara å løyse klimakrisa.

Nye Vestland er eit fylke der for mykje transport går på veg, og for lite går med miljøvenlege framkomstmiddel. SV har som politikk å gje gode bruksveggar med gul stripe til alle i Vestland fylke, men går imot prosjekt som gir kraftig auke i biltransporten og nye utslepp. Vi må lage byar og tettstader der folk kan leve kortreist, der færrest mogleg vert avhengig av privatbil og flest mogleg kan verte syklistar, fotgjengarar eller kollektivbrukarar. Sjølv om privatbilen vil vere fremste transportmiddel i store delar av distriktet, så er det viktig at ein bygger tettstader, nye bustad og næringsområde på ein slik måte at ein også i distrikta kan sykle, gå og nytte kollektiv. På same måte bør ein hindre byspreiing i i Bergen og omeignskommunane. Lite snø og milde vintrar gjer at Vestland har høve til å bli det fremste sykkelfylket i Noreg, men då må sykkel prioriterast.

Sjøvegen er både eit opplagt og nødvendig alternativ. Øykommunane utanfor Bergen har allereie ein "ferdigbygd", brei og vedlikehaldsfri sjøveg som er gratis tilgjengeleg. SV ønsker å inkludere nullutsleppsåtar i kollektivsystemet, med direkteruter mellom Bergen sentrum og viktige knutepunkt i omeignskommunane.

Transportsektoren står for 32 prosent av Noreg sitt samla klimagassutslepp, og i Bergen er transportsektoren viktigaste årsaka til utslepp av NO₂ og svevestøv. SV vil arbeide for ein sjølvstøtt rett for alle til å puste i frisk luft. Bybane og eit godt kollektivtilbod er ein sentral og grunnleggande del av ein moderne infrastruktur.

Vestland SV meiner kollektivsatsinga kan bli enda betre om eigarskap, drift og vedlikehald av kollektivtransporten og bybane vert i eiga verksemd. SV er imot Offentlig-Privat Samarbeid (OPS), til dømes ved bygging av ny Sotrabru, og SV vil avvikle vegselskapet Nye Veier.

Reklame medverkar til auka forbruk og til eit dårleg sjølvbilete. SV er ein garantist for at kollektivtransporten ikkje skal finansierast med inntekter frå reklamegigantar, slike som Clear Channel og JC Decaux

Vestland SV vil jobbe for betre klima og nullutslepp gjennom å:

- Setja av 5 prosent av fylkeskommunen sitt budsjett til klimaarbeid. Klimarekneskap skal inn i alle planar og veg- og byggeprosjekt, og må omfatta både investeringar og drift.
- Krevje karbonnøytral kollektivtransport. Nye ferjeanbod skal innehalda krav om nullutsleppsteknologi, det same skal nye bussanbod, samt løyve til taxinæring og anna næringstransport, om ein får høve til det. (Er i dag i strid med lova).
- bygge fleire ladestasjonar for el-bilar i heile Vestland, slik at ni av ti nye bilar som vert seld i Noreg skal vere nullutsleppsbilar innan 2021.
- Etablera landstraum for skip ved dei mange cruisehamnane i fylket, og innføra miljødifferensierte avgifter på skipstrafikken, etter prinsippet om at forureinar skal betale.
- Krevja karbonnøytralitet i alle offentlege innkjøp av infrastruktur og tenester, der det er mogeleg.
- Vedlikehalde eksisterande vegmasse og ta att etterslepet på vedlikehald.
- Mål om nullutslepp frå snøggbåtar innan 2024.
- Vestland SV vil prioritere dei miljøvennlege samferdsleprosjekta gjennom å:
 - Sikre rask framdrift av ny jernbane og rassikker tofelts veg mellom Bergen og Voss, det såkalla K5-alternativet, som er ein føresetnad for å realisere ei Bergensbane med fire timars reisetid. SV går i mot firefelts veg.
 - Jobbe mot ferjefri E39. Dette inneber nei til fjordkryssing med flytebru over Bjørnefjorden (Hordfast). Dette Hordfastalternativet vil øydeleggja eit av Noreg sitt vakraste landskap og verna regnskog, og gje ei mangedobling av trafikken inn mot Bergen Sør. SV er også mot fast samband for E39 over Sognefjorden, og mot kryssing av indre Nordfjorden med tunnel og hengebru. E39 skal være ein trafiksikker bruksveg med gul stripe, og der det er lagt godt til rette for gang- og sykkel.
 - Få mest mogeleg av godstransporten over på bane. Det må satsast heilskapleg og over tid. Fleire tiltak er aktuelle; både økonomiske verkemiddel, krav i samband med offentlege innkjøp og bygging av kryssingsspor.
 - Prioritere trygge vegar, mellom anna rassikring.
 - Syte for for utbygging av gang- og sykkelveg ved alle nye vegprosjekt.
 - Jobbe mot rullebane II på Flesland.
 - Krevje at alle skular i Vestland har ein eigen trafiksikringsplan med risikovurdering og tiltaksplan. Kring kvar skule i Vestland fylke må det vere ei bilfrisone, såkalla «Hjartesone»

Vestland SV vil prioritere miljøvennleg bytransport:

- Bygge bybane mot Fyllingsdalen og Åsane så raskt som mogeleg, helst parallelt. For å sikre framdrift i utbygginga bør bybanen til Åsane om naudsynt byggast i fleire fasar, med første byggetrinn til Sandviken.
- Vidare utbygging av trolleybuss etter at Laksevåglinja er ferdig. Trolleybuss er nullutsleppbuss.
- Bergen har hatt ei auke i kollektivtrafikken på 70% sidan 2010. SV vil jobbe for å styrke finansieringa til kollektivtransporten, inkludert sikre 80% statleg finansiering av Bybana og andre kollektivinvesteringar.
- Fortsette å auke rutetilbodet for buss i heile Vestland. I perioden har ein auka busstilbodet med over 500 nye avgangar i Bergensområdet. I neste periode er målet å auke med 1000 nye avgangar i Bergensområdet.
- Sleppe bussane fram gjennom å etablere kollektivfelt på alle firefelts innfartsårar til Bergen, samt signalprioritering der kollektivfelt ikkje er mogeleg.
- SV vil jobbe for både tidsdifferensierte- og miljødifferensierte avgifter som gir innbyggjarane i Bergen insentiv til å velje kollektivt, og sikra god luft i Bergen.
- Innføre null- og lågutsleppssoner i Bergen sentrum og utsette område i bydelane, der det ikkje skal være lov å køyre med dieselkøyretøy.
- At det skal løne seg å reise kollektivt. Derfor må prisen på kollektivreiser vere lågare enn prisen for å passere gjennom bomringen i byområde.
- Gjennom at bompengainntekter kan brukast til å finansiere drift av kollektivtransport, slik som auka rutefrekvens og lågare pris.
- Sikre lik pris for reiser uavhengig av tidspunkt ein reiser (framleis fjerne nattaksten).
- Krevja lågare støygrense for vegtrafikk.
- Utvida ungdomskort til å gjelde til og med fylte 25 år, og arbeida for å gjera om ungdomskortet til eit nasjonalt kort som kan brukast på kollektivtransport i heile landet.
- SV seier nei til å finansiere kollektivtransporten med reklameinntekter
- At anbod i kollektivtrafikken vert erstatta av offentleg drift og eigarskap. Inkludert å jobbe for å ta drift og vedlikehald av bybanen inn i eiga verksemd.
- Vurdere å innføre vegprising ved hjelp av GPS til erstatning for dagens bomring, slik at ordninga blir meir rettvis.

Vestland SV vil prioritere miljøvennleg transport i distrikta gjennom:

- å gjere det lettare å reise kollektivt i distrikta. Vi vil satse på godt og regelmessig buss-, ferje- og båttilbod i distrikta, kombinert med bestillingstransport der det ikkje er hensiktsmessig med faste ruter, at klimagassutsleppa frå ekspressbåtruter skal kuttast på linje med ferjer. Ekspressbusstilbodet må styrkast med hyppigare avgangar.



- at sonestrukturen vert utvida til å inkludere heile det gamle Sogn og Fjordane.
- å ha gode bruksveggar med gul stripe, og prioritera vedlikehald, rassikring og trafikksikring på fylkesvegane framfor store prestisjeprosjekt.
- sterk satsing på samanhengande og trygge sykkelveggar (skilde gang- og sykkelveggar) både i tettstadane og mellom kommunane. Det skal verta lagt til rette for auka bruk av sykkel til og frå jobb, og me vil ha auka satsing på sykkelturnisme i dei delane av fylket kor dette kan vere aktuelt, til dømes i Stryn, Hardanger, Bømlo, Askvoll, Øygarden og langs nasjonale turistveggar.
- å arbeida mot frislepp av motorisert ferdsel i utmark.

Grøn omstilling, miljø, naturressurser og arbeid

SV går inn for at all nærings- og arbeidsplassutvikling i Vestlandfylket skal vere i tråd med behovet for grøn omstilling.

Samfunnsutviklinga skal vere politisk styrt, ynskt, etter ein plan, langsiktig, systematisk og i tråd med naturgitte føresetnader. Det skal leggjast til rette for gode levevilkår og arbeidsplassar i heile fylket.

Investeringar skal gå frå fossile- til nullutsleppløysingar, og fornybar energi skal utviklast og erstatta ikkje fornybare kjelder.

I den grønne omstillinga skal tiltak for å redusere CO₂utslepp prioriterast.

For å sikre levegrunnlaget for kommande generasjonar må all produksjon vere berekraftig innan alle næringar; industri, samferdsle, reiseliv, landbruk, sjønæringar som fiske, oppdrett og nye næringar knytta til livet i sjøen. SV vil jobbe for å sikre allemannsretten.

Vestland SV går imot dumping av gruveavfall i Førdefjorden og krev at utsleppsløvet vert vurdert på nytt, samt at driftsløyve ikkje vert gjeve. Vestland SV vil gå mot dagbrot, og vil ha gruvedrift fra dag ein. Mineralar er ein eingongsressurs som ved uttak må nyttast fullt ut for å unngå både ressursløsing med mineralar og miljøskade ved stor avfallsmengde. Restmassen må minimerast gjennom bruk og ved tilbakefylling i gruva. Førdefjorden er nasjonal laksefjord og ein rik gytefjord med intakte økosystem. Vestland SV vil ivareta eksisterande, variert og nyetablert næringsliv i Sunnfjordregionen, i balanse med naturgrunnlaget, og sørge for at også komande generasjonar kan hauste av ein rein og rik Førdefjord.

Plast er eitt av dei største miljøproblema våre. Vi fyller havet med små og store plastbitar; eit aukande problem både for dyrelivet og oss sjølve. Ein altfor liten del av plastemballasjen vert gjenbrukt, resirkulert eller brukt til energigjenvinning. Viss vi ikkje endrar måten vi handterer plast på, vil det i 2050 vere meir plast enn fisk i havet.

- Vestland SV vil at fylkeskommunen skal ha ei viktig rolle i kampen mot plastforsøpling og vil prioritere dette i budsjettarbeidet.

Landbruk:

- All matjord skal vernast gjennom lov og nasjonale krav og handhevast strengt gjennom plan - og bygningslova. Berre ved særleg tunge samfunnsmessige omsyn skal det bli gitt dispensasjonar.
- Matproduksjonen må prioriterast og støttesystemet bygge opp under produksjon i samsvar med dei naturgitte føresetnadene i fylket.
- Småskala- landbruk og kortreist- og økologisk-matproduksjon må sikrast gode vilkår og prioriterast.
- Dyrehelse og dyretrivsel må ligge til grunn for infrastrukturen i husdyrhaldet.
- Det typiske vestlandske kulturlandskapet må takast vare på gjennom naturleg bruk; slått, beiting og vedproduksjon. Det må settast av større midlar over jordbruksoppgjeret slik at bøndene kan utføre dette viktige arbeidet for å skape berekraftige og trivelege bygder. Dette vil også gi arbeidsplassar direkte, men også indirekte når det gjeld reiseliv og turisme.
- Det må satsast på økoturisme knytt til gardsbruk og i kystnære område.

Fiske:

- SV vil ha grunnlovsfesta at viltlevande ressursar i sjøen høyrer til folket og skal kome lokalsamfunna langs kysten til gode.
- Fjordfiskebestandane må bli forvalta betre, og det må komme eit utviklingsprogram for kystfiskeflåten.
- All fisk og restråstoff skal bringast til land og utnyttast. Avfall skal bli til ressurs, biogass bl.a.
- Det bør innførast eit turistfiskekort for sjøfiske.
- Oppdrettsanlegg høyrer ikkje heime i nasjonale laksefjordar.
- Nye konsesjonar skal berre gjevast til lukka anlegg og skal ha nullutslepp av klimagassar, eller bruk av fornybart bærekraftig drivstoff for anlegget og driftsfartøy for desse anlegga.
- Konsesjonspolitikken for oppdrettsnæringa må leggast om gjennom politisk styring, slik at produksjon og lokalisering blir berekraftig, og meir av inntektene komme oppdrettskommunane og fellesskapet til gode. Staten skal ikkje ha høve til å overprøve lokale vedtak om nei til oppdrettsanlegg i eigen kommune.

Industri:

- Mineralutvinning kan bli ei viktig næring i fylket. SV går inn for å kartlegge mineralressursane, stille strenge miljøkrav, forby sjødeponi og satse på resirkulering og gjenbruk.
- Prosess- og metallindustrien i fylket må sikrast føreseieleg regime for krafttildeling.
- Ambisjonen må vere å bli verdslaiande for klimaløysingar innan denne type industri.
- Det må utviklast eit program for nullutslepp frå industrien, som lekk i grøn industrireising, forankra i regionale kompetansesenter.
- Det må satsast meir på ny miljøvenleg teknologiutvikling, ikkje minst å nytte kunnskapen og kompetansen frå olje- og gassindustrien til å utvikle t.d. grøn skips- og samferdslealternativ.
- Det må etablerast pilottestsenter for miljøteknologi knytt til metallindustrien og innan skipsteknologi.
- Det bør leggst til rette for etablering av nye datasenter i Vestland. SV vil arbeide for eit nasjonalt forbud mot produksjon av Bitcoin og anna kraftintensiv produksjon av kryptovaluta.
- SV vil at utviklinga av næringsliv og arbeidsplassar i fylket skal vere forankra i politisk styring gjennom overordna regional plan og vedteken planstrategi.
- Infrastruktur, klima og miljøomsyn må verke saman og overordna samfunnsinteresser må ligge til grunn, ikkje kortsiktige og marknadsstyrte interesser.
- Det må arbeidast med løysingar på tvers av sektorane, og ein samordna verkemiddelbruk for å sikre berekraft og god fordeling.
- Vestland SV vil følge opp «Nasjonalt handlingsplan for oppfølging av» FNs veiledende prinsipp for næringsliv og menneskerettigheter» (2015) og utforme og setje i verk ein «Fylkeskommunal handlingsplan for oppfølging av FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar.

Fornybar energi:

- Vasskraftressursane må effektiviserast gjennom teknologiutvikling.
- Verdiane i allereie utbygde vassdrag må sikrast.
- Store verneverdiar er knytta til vassdrag som ikkje er underlagt vern, men som bør vernast.
- All flomsikring skal medverke til å betre økologisk tilstand i vassdraga og ikkje forverre han. Det er mogeleg å flaumsikre utan kraftregulering og med ivaretaking av naturverdiar.
- SV går og mot utbygging av småkraftverk.
- SV er mot utbygging av meir vindkraft på land fordi utbygging etter dei planar som ligg føre vil ha store negative fylgjer for natur og miljø.
- Vidare utbygging av vindkraft bør så langt som råd skje til havs.
- Utpøving av nye former for produksjon av fornybar energi som bøljer, salt, tidevatn, solenergi, jordvarme og hydrogen må stimulerast gjennom forskning, utpøving og pilotanlegg.
- På sikt vil SV arbeide for å at all fornybar energi som tek i bruk våre felles naturressursar, skal leggest under demokratisk eigarskap.

Arbeidsliv:

- For mange deltek ikkje i arbeidslivet i dag. SV arbeider for eit arbeidsliv det det er plass for alle.
- Det må leggest betre til rette for at folk med funksjonshemming kan bli arbeidstakarar og bruke si arbeidsevne gjennom individuelle tilpassingar.
- Folk med minoritetsspråkleg bakgrunn må få betre høve til arbeidserfaring og språkopløring i bedrift, gjennom betre tilrettelegging på arbeidsplassar.
- Arbeidet mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet må inn i alle bransjar og på alle arbeidsplassar. Arbeidsgivarar må ta eit større ansvar, og fagrørsla må få støtte for å sikre at fleire arbeidstakarar organiserer seg. Ulike offentlege etatar som Arbeidstilsynet, Skatteetaten og NAV må intensivere samordna kontroll og aksjonar for å hindre kriminalitet og undergraving av vårt arbeidslivs- og velferdssystem. Desse offentlege institusjonane i fylket bør styrkast.

Folkehelse og levekår

Store klasseforskjellar er negativt for folk si helse. Ulikskap skapar stress, mindre trivsel og gjer alle mindre friske. SV ynskjer difor å skape eit samfunn som utjamnar sosial og økonomisk ulikskap, bl.a. gjennom folkehelseiltak som sikrar likeverdige levekår og trygge, gode lokalmiljø for alle. Det er spesielt viktig at oppvekstvilkåra for barn og unge blir sikra, uavhengig av foreldre sin økonomi eller status på arbeidsmarknaden. Eit anna stort folkehelseproblem er vald mot kvinner og barn, i hovudsak utført av menn. SV krev større og meir systematisk innsats mot dette. Det er viktig at politi og helsevesen lokalt har god kompetanse på vald og overgrep. Krisesenter, støttesenter mot incest og seksuelle overgrep og valdtekstmottak må sikrast gode rammevilkår.

Samanhengen mellom oppvekstvilkår og seinare helseutvikling gjer at det førebyggjande folkehelsearbeidet må styrkast. Folkehelsearbeid omfattar tiltak i mange samfunnssektorar. Tilgang på grøntområde, eit godt og reint nærmiljø der det er mogleg å drive med varierte fritidsaktivitetar er ein allmenn rett. SV meiner difor at folkehelseiltak som tilrettelagde sykkelveggar, sunn og kortreist mat, godt kantineilbod ved offentlege institusjonar som vidaregåande skular og eit billeg og breitt idretts, kultur - og friluftsliv, må ha høg prioritet. Det er i folks kvardagsliv at god helse blir skapt!

Folkehelseutfordringa er ekstra stor blant barn og unge. Sosial isolasjon, einsemd og psykiske vanskar er eit aukande problem blant elevar i vidaregåande skule. SV vil jobbe for å styrke arbeidet med førebygging av psykiske lidingar blant barn og unge og sikre god behandling for dei som treng hjelp.

Mogelegheitene for god helse heng saman med utdanning. Ei av dei viktigaste oppgåvene til fylkeskommunane er å sørge for at fråfallet i den vidaregåande skulen vert mindre. I fylket er det mange elevar i vidaregåande skule som bur på hybel. Mange hybelbuarar kan oppleve einsemd, og det kan vere vanskeleg for elevar på hybel å lage rutinar for søvn, kosthald og skulearbeid. Det er viktig å ha fokus på dei utfordringane som desse elevane og foreldra deira har.

Det er sosial ulikskap i tannhelse. Betring i tannhelse går raskare i grupper med høg utdanning og økonomi, slik at forskjellar mellom sosiale grupper aukar. SV meiner at tannhelsetilbodet for alle skal vera på lik linje med resten av helsetilbodet i Noreg. Det er ei viktig utfordring å sikre rekruttering av tannlegar til tannklinikane i heile fylket.

SV støttar arrangement, møteplassar og organisasjonar for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar, både i sentrale strøk og i distrikta. Dette er viktig i eit folkehelseperspektiv og for livskvaliteten for dei det gjeld.

Vestland SV vil:

- Jobbe for å redusere ulikskap gjennom å sikre ei god offentlig helseteneste, god utdanning som gjer at alle kan delta i arbeidslivet på lik line.
- Jobbe for betre folkehelse gjennom å legge til rette for at folk kan velje miljøvennleg transport, og at fleire kan gå og sykle i kvardagen.

- SV krev større og meir systematisk innsats for å få slutt på vald mot kvinner. Det er viktig at politi og helsevesen lokalt har god kompetanse på vald og overgrep. Krisesenter, støttesenter mot incest og seksuelle overgrep og valdtekstmottaket må sikrast gode rammevilkår.
- Auke kunnskapen om førebyggjande folkehelse for å medverke til å redusere utvikling av sjukdom og psykisk uhelse.
- At førebygging og folkehelsetenking må inn i all samfunnsplanlegging.
- Likestille psykisk helse med fysisk helse og styrke og utvikle lågterskeltilboda i fylket.
- Tilby sunn mat og drikke i kantine til vidaregåande skular i fylket, og innføre gratis frukost til alle elevar i vidaregåande skule i heile Vestland fylke.
- At vidaregåande skular tek eit aktivt ansvar for hybelbuande elevar i samarbeid med foreldre og kommunar.
- Legge til rette for varierte og tilgjengelege rusfrie fritidstilbod for ungdom, mellom anna ved at skulane vert tilgjengeleg på ettermiddag- og kveldstid.
- At alle kommunar har godt fungerande ungdomsråd som gjer at ungdom vert reelt involverte og lytta til i alle spørsmål som gjeld barn og unge.
- Auke kunnskapen hjå elevar og lærarar i den vidaregåande skulen på feltet psykisk helse og psykiske helseplager.
- Sikre eit tilbod om skulepsykolog på alle vidaregåande skular.
- Ha skulehelsetenesta tilgjengeleg for alle elever.
- Ha reklamefrie område for å minke kjøpepresset. Alle skular skal vere reklamefrie.
- Betre samhandlinga mellom barnevernet, vidaregåande skule og psykiatrien, for å få eit godt tilbod til barn i barnevernsinstitusjon.
- Betre tilrettelegging for fysisk aktivitet i vidaregåande skule med minstekrav til tid, i arbeidslivet med stimulerande tiltak og tilrettelegging.
- Sikre eit offentleg tannhelsetilbod i heile fylket og stanse nedlegging av tannklinikkar i distrikta.
- Prøve ut eit mobilt ambulerande tannhelsetilbod for å sikre ei desentralisert teneste.
- Arbeide for gratis tannhelsebehandling fram til fylte 20 år

KULTUR - Limet i samfunnet

Limet i samfunnet er kultur, og me treng tilbod og tilgang til ulike kulturtilbod og areal for skapande aktivitetar.

Folk treng ikkje berre jobb, hus og offentlege tenester. Dei treng også fritidsinteresser innan kultur og idrett. SV ynskjer eit rikt og tilgjengeleg kulturliv. Det kulturelle tilbodet skal spegle tradisjon og historie i regionen, samtidig som det opnar for nye og framande impulsar.

Det er ikkje personleg økonomi og bustadadresse som skal avgjera om folk skal ha tilgang til eit kulturtilbod eller ikkje. Kulturinstitusjonar må derfor haldast offentlege for å halda på breidde og tilgjenge, og pris skal ikkje stå i vegen for at alle skal kunne nytte kulturtilbod. Bibliotek, museum, musikk, idrett, teater, kunst og andre kulturtiltak på regionalt plan må få støtte slik at tilboda kan nå innbyggjarane i heile regionen i deira nærmiljø. Kulturkortet for ungdom frå 16 - 20 år er viktig for å gi denne gruppa tilgang til gode opplevingar.

Idrett er viktig både for folkehelsa og positive fritidsaktivitetar. Det skal vera låg terskel for å kunna delta på organiserte idrettstilbod og eigenorganiserte aktivitetar. Det skal vera plass til å kunna vera aktiv innan friluftsliv, breidde/mosjonsidrett og konkurranse/eliteidrett. Dette må liggja i botnen når det vert tildelt spelemidlar til nye aktivitets- og idrettsanlegg. Det offentleg har eit særleg stort ansvar for barne- og ungdomstiltak. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats for å gi barn og unge tilbod innan idrett. Det er det offentlege sitt ansvar å sikra rammevilkår som gjer dette arbeidet mogeleg.

Skapande aktivitet er viktig for trivsel og helse. Ein bør skaffa ope areal for skapande aktivitet for folk i alle aldrar. Aktivitet innan musikk, dans, kunst, handverk og teater gir fellesopplevingar som er viktige i kvardagen. Ein bør gi rom til, og bruka, dei profesjonelle kunstnarane i regionen.

Samspel mellom profesjonelle krefter og amatørar er viktig for å utvikla kulturlivet. Dei etablerte kulturinstitusjonane i Bergen er derfor viktige for heile regionen. SV ynskjer at staten fullfinansierer store og ressurskrevjande nasjonale kunstinstitusjonar. Dette gjeld Den Nationale Scene, Harmonien/BFO, Bergen Nasjonale Opera, Carte Blanche og Kode-musea.

SV vil:

- Halda opp eit høgt nivå på etablerte kulturarenaer
- Styrka og vidareutvikla biblioteka og bibliotektenestene
- Styrka musea i heile regionen
- Styrka det frivillige - og profesjonelle kulturminnevernarbeidet, særleg på område som er spesielle for Vestland. Vestland har eit spesielt ansvar for å ta vare på sine unike småbåttradisjonar, og landet sin største samling av verna fartøy. Syta for at det nasjonale fartøyvernssenteret i Hardanger får utvikling og forsvarlege rammevilkår.
- Prioritera anlegg for barn og unge og tiltak innan idrett, folkehelse og friluftsliv

- Gi barn og unge i heile regionen høve til å delta i organiserte idrettstilbod
- Leggja til rette for at ungdommen får utvikla sin eigen kultur på eigne premissar
- Halda fram ordninga med kulturkort for ungdom
- Styrka og vidareutvikla ordningar som den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken
- Støtta kommunane i å utvide og utvikle kulturskulane.
- Leggja til rette for treffpunkt mellom profesjonelle og amatørar
- Sikra forsvarlege rammevilkår og tilrettelegging for det frivillige arbeidet
- Sikra Bergen sin posisjon som ein sentral, nasjonal kulturby
- Syta for at etablerte, regionale kulturtiltak får forsvarleg rammevilkår, t. d. Sogn og Fjordane teater, Hordaland Teater, Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Bømlo Teater, Førdefestivalen, Orkesteret Fossegrimen, Vossajazz og andre festivalar
- Arbeida for å styrka nynorsken sin plass, både i skulen og som administrasjonsspråk.
- Etablere Nynorskens hus i Førde i eit samarbeid mellom NRK, Mediehuset Firda og Sogn og Fjordane Teater.

Fred og avspenning

- Fylkesmannen må varsle befolkninga når atomubåtar har landligge på Haakonsvern.
- Styresmaktene må krevje svar på om ubåtar i våre farvann har atomvåpen om bord.
- Om INF avtala ikkje vert fornya, bør Vestland fylke be regjeringa om å stogge anløp av fartøy i vår region som kan bere a-våpen.